



Referat til klubbmedlem

Styremøte 2/2022

Dato/tid/stad	09.05.2022, klokka 18, Bømoen
Deltakarar	Til stade: Johnny Skjerping, Einar Såkvitne, Lena Vassli, Morten Knapstad og Sondre Mundal Eikeland Ikkje til stade: Malene Hetle Hole og David Møller
Leiar	Johnny Skjerping
Skrivar/referent	Lena Vassli

REFERAT

<i>Sak nummer</i>	<i>Innhald</i>	<i>Konklusjon</i>
8/2022	Klubbvogn på landing	Klubbvogna står no på landing, den har me midlertidig lånt til me får gjennomført avtalt kjøp. Sum for vogna er 150 000,-. Voss Cup får låne vogna helga 10.-12.juni.
9/2022	Båtførarkurs - opptrekk	Det har blitt valt ut tre stykk som skal tak båtførarkurs – opptrekk i løpet av våren/somaren. Desse har blitt kontakta, og me gler oss til å sjå framtida for opptrekksbåten.
10/2022	Startroser	Det vil bli laga startroser for mesteparten av startane i rundt Voss. Her tek gjerne styret i mot tips på kva startar som bør vere med. Tak kontakt med Lena Vassli (lena.s.vassli@gmail.com) dersom du har innspel. Sjå vedlegg 1 for eksempel
11/2022	Ny dagleg leiar Voss HPK	Styret arbeidar vidare med prosessen om å ansette ein dagleg leiar i klubben. Her må det vurderast stillingsprosent, arbeidsoppgåver og anna som er viktig å ha på plass før ein får nokon inn i jobben. Dette kan bli svært positivt for klubben.



12/2022	Brev til styret	Styret har fått inn eit brev frå eit klubbmedlem som styret vil tak med seg vidare i arbeidet framover. Me sett pris på innspel frå våre medlem, då det er dykk me arbeidar for.
13/2022	Rapport til forbundet	Rapporten er no sendt inn med alt av vedlegg.
14/2022	Tandemprisar til gruppe	Klubben kan vel å gje rabatterte prisar på tandemflyging ved bestilling frå større grupper som skuleklassar, bedrifter osv.
15//2022	Drift av Holfuy-stasjonar	Klubben leitar etter ein ny person som ynskjer å drifte Holfuy-stasjonane våre. Det inneber ansvar for å få satt opp og tak ned Holfuy-stasjonane i løpet av året, kalibrere retning og sørgje for nødvendig vedlikehald. Tak gjerne kontakt med styret dersom du ynskjer å tak på deg ansvaret eller lurar på noko knytt til drifta.
16/2022	Kurs for styremedlem	Styret skal få til eit kurs i styrearbeid for styremedlemmane slik at me får eit best mogleg utgangspunkt i vidare arbeid. Me har teke kontakt med Idrettsforbundet, og håpar å få teke det før somaren.
17/2022	Hytta på start	Arbeidet med hytta på start fortsett framover som bestemt på årsmøte. Det blir Johnny, Kjell og Samson som vil vere hovudansvarlege for at prosessen held fram som planlagd. Når byggjeprosessen begynner vil me vere avhengige av god dugnadsånd frå våre medlem, noko medlemma har bevisst at dei har fleire gong.
18/2022	Masta på start	Den eksisterande masta med vindpølsa og Holfuy-stasjonen på vil bli fjerna når hytta kjem opp. Då kjem det opp ei ny mast på 6 meter (målt frå terreng og opp) som blir ståande i bakkant av hytta. På den masta får me montere vindpølsa og Holfuy-stasjonen. Slik unngår me at det blir to master på start.
19/2022	Årshjul	Styret skal setje saman eit årshjul som viser aktiviteten som styret og klubben skal ha framover. Her vil det stå ting som;



		styremøte, Veko, vedlikehald av Holfuy og startar, klubbkveldar osv.)
20/2022	Materialforvaltar	Styret ser etter ein ny materialforvaltar som kan tak ansvar for alt av utstyr som tilhøyrar klubben. Det er viktig at den personen har kapasitet til å tak vare på store mengda utstyr og kan vere med å skape gode rutinar for bruk, vedlikehald og oppbevaring. Tak kontakt med styret dersom dette kan vere aktuelt for deg eller du har noko spørsmål angående ansvaret.
21/2022	Klubbhuset	Me ser at klubbhuset blir brukt, og det er veldig positivt. Det me også ser er at me må få til betre rutinar på bruken av klubbhuset. Difor kjem styret til å lage ein instruks for korleis ein skal bruke klubbhuset. Inntil instruksen har kome er det fint om medlem som nyttar seg av klubbhuset ryddar etter seg og passar på at det ser ordentleg ut etter ein har vore der.
22/2022	Aktivitetar for medlem	Styret ynskjer å leggje mest mogleg til rette for sosiale arrangement i klubben. Klubbkveldar har vore ein positiv arena kor medlem har kunne blitt kjend, og me vil fortsetje med å arrangera desse. Målet er at det skal bli orientert litt om arbeidet til styret på desse klubbkveldane, og det er mogleg styret lagar til nokre kjekke aktivitetar innimellom også. Me oppmuntrar til å tak kontakt med oss i styret om dei har ein god idé til andre sosiale arrangement klubben kan leggje til rette for.
23/2022	Tandemkurs	Morten Knapstad har ansvar for å setje opp eit tandemkurs for påmelde deltakarar i løpet av våren/somaren. Det er veldig positivt at klubben får utdanna fleire tandempilotar slik at me kan vise enno fleire den fantastiske sporten vår.



24/2022	EkstremспортVEKO	<p>EkstremспортVEKO ser ut til å bli fantastisk i år, og Voss HPK skal vere med på opningsshowet. Det blir mange arrangement for både speed- og paraglider.</p> <p>Me vil minne alle medlem på at det er sterkt anbefalt å flyge med radio under Veko slik at ein får med seg eventuell informasjon om helikopter og anna luftfartøy. Me blir mange som delar luftrommet og då er det fint å ha ein enkel måte å formidle beskjedar på.</p>
ANNA	YMSE	<p>Det vil bli sett på om kursøkonomien kan betrast i forhold til kompensering og bustad for instruktørar/kursansvarleg.</p> <p>Det blir satt opp ein bedriftsavtale hos Mosjonsgutane for medlem av Voss HPK. Det vil kome meir info når den er på plass.</p> <p>Styret skal sjå på om me kan bruke dugnadsappen «Trello», slik som OPK. Dette kan muligens vare med å forenkle dugnadsarbeid med rydding av startar, plenklipping på landing og bygging av hytta for eksempel.</p>